

Høyring av verneplan for skog

Mælestauljuvet naturreservat i Seljord kommune



Mælestauljuvet med Mælestaul i bakgrunn.

Foto: Rune Nordeide

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
Mai 2026**

Innhald	side
1. Bakgrunn.....	3
2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern.....	3
3. Heimelsgrunnlag.....	3
4. Saksgang og innkomne merknader.....	4
5. Verneplanens omfang.....	7
6. Faktaark.....	8
7. Forslag til verneforskrifter.....	13

Vernekart er lagt ved høringa som eige vedlegg.

1. Bakgrunn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring forslag til Mælestauljuvet naturreservat. Bakgrunnen for forslaget er tilbod frå ein grunneigar om frivillig vern av 1229 daa skog. Tilbod kom 17. mars 2021 frå skogeigarforeininga FramTre AS (tidlegare AT skog). Det vart sendt oppstartsmelding 13. desember 2023.

Området vart kartlagt i 2008 som ein del av systematisk kartlegging av bekkekløfter i Telemark. I 2016 var det kartlagt eit enda større område med fleire nøkkelbiotopar (MiS) gjennom skogbruksplanlegginga. Etter vernetilbodet kom vart området NiN kartlagt av Biofokus i september 2021. Dei fann 20 daa med den raudlista naturtypen høgstaudeskog (NT) og i alt 12 raudlista artar.

2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, under dette auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa setja mål om vern av både offentleg eid skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet.

Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av norsk skogvern i 2016*», NINA rapport 1352/2017 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010. Dette arbeidet er samtidig eit viktig bidrag til å nå [FNs bærekraftsmål 15](#) som har som mål å verne, gjenopprette og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, nedkjempa ørkenspreiing, stansa og reversera landforringing og dessutan stansa tap av artsmangfald.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane Statsforvaltaren tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakstar for dei områda der det er behov for det. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Statsforvaltaren forslag til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Statsforvaltaren forslag til verneforskrift som blir oversend grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet oppnemner ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandla med grunneigarane eller representanten til grunneigarane. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, forslag til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfaldslova. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneforslag likevel blir gjennomført før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtak er fatta.

3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av mangfaldet til naturen (naturmangfaldslova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldslova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldslova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om skiping av naturreservat blir gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldslova, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

4. Saksgang og innkomne merknader

Formell start på verneplanarbeidet var 7. desember 2023, og frist for innspel var 1. februar 2024. Det vart meldt oppstart for 11 område samtidig og det kom inn totalt 12 merknader. Det er 6 innspel som er generelle eller knytt til området Mælestauljuvet:

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 19.12.2023) ber om at det av høyringsdokumenta må kome fram korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stølar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

Forsvarsbygg (brev dagsett 23.12.2023) uttaler følgjande:

Vi ser ingen konflikter med de foreslåtte områdene. Vi ber imidlertid om at det generelle unntaket for militær operativ virksomhet og unntaket for avgang og landing med Forsvarets luftfartøy inntas i forskriftstekstene for de nye områdene. Vi har ingen ytterligere merknader til verneforslaget.

Språkrådet (brev dagsett 04.01.2024) uttaler følgjande (utdrag):

To saker som gjeld eitt verneområde i kvar av kommunane Nissedal og Seljord har aktualisert spørsmålet om korleis to stadnamn som det verkar naturleg å leggja til grunn for namna på dei nemnde verneområda, skal skrivast i offentleg samanheng. Stadnamna det er tale om her, er knytte til eit berg eller ein ås i Nissedal og til eit juv i Seljord. Me må be Kartverket starta namnesak for det primære stølsnamnet og det avleidde juvnamnet i Seljord kommune og for det nemnde primærnamnet (/ -namna) i Nissedal kommune.

BaneNor (brev dagsett 11.01.2024) uttaler følgende:

Vi viser til varsel om oppstart av verneplanprosess, datert 13.12.2023. De varslede verneområdene berører ikke jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.

Norges vassdrags- og energidirektorat NVE (brev dagsett 11.01.2024): Det er gjort eit utdrag av den delen av uttala som omfattar Mælestauljuvet.

Vannkraftverk

Det foreslåtte området grenser til et utbygd vannkraftverk Kvennhusåi og vedtatt konsesjonsfritt Tverråi Minikraftverk. Det er Kvennhusåi Kraftverk som eier Kvennhuså, mens Stig Høgetveit er eier for Tverråi prosjektet. Vi ber statsforvalter om å ha en tett dialog med kraftverkseierne for å sikre at utbygging, drift, vedlikehold og fremtidig oppgradering av kraftverk og forbundet infrastruktur er ivaretatt i verneforslaget.

Digitalt kartlagt småkraftpotensial:

Det er kartlagt digitalt vannkraftpotensial for små vannkraftverk innenfor det foreslåtte verneområdet. Det kan hende at en del av dette potensialet er realisert i Tverråi og Kvennhusåi kraftverk.

Potensialet i Fløråsen: Småkraftpotensialet for vannveien utgjør 3,43 GWh/år med en utbyggingskostnad på ca. 4,88 NOK/kWh (2023-priser). Småkraftpotensialet blir vurdert til å ligge rundt snittet for andre vann- og vindprosjekter som har fått konsesjon, men som ikke er utbygd.

Potensialet i Kvennhusåi: Småkraftpotensialet for vannveien utgjør 1,69 GWh/år med en utbyggingskostnad på ca. 7,69 NOK/kWh (2023-priser). Småkraftpotensialet blir vurdert til å ligge blant de 20 % dyreste sammenlignet med andre vann- og vindprosjekter som har fått konsesjon, men som ikke er utbygd.

NVE ber statsforvalter om å orientere grunneiere om vannkraftpotensialet.

Nettanlegg

Vest-Telemark Kraftlag eier en nettløse som grenser vest for det foreslåtte verneområdet Mælestauljuvet. Telemark Nett AS har områdekonsesjon. Ingen av de to nettselskapene står på adresselisten til oppstartsmeldingen. NVE vil be statsforvalter i samarbeid med nettselskapene om å vurdere om det bør åpnes for drift, vedlikehold og oppgradering av linja med tilhørende motorferdsel inn i verneområdet. Det er viktig at nettselskapene uttaler seg om aktuelle planer, og nødvendige forskrifter for vedlikehold. Vi ber nettselskapene å uttale seg selv i tilfeller uten konflikt.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) (brev dagsett 17.01.2024) skriv mellom anna:

Høgefjell, Tiurkollen, Bratterud, Rollagåsen, Nesfjellet, Fjellstulfjellet, Mælestauljuvet, Bandaksliane og Bjørnøya i kommunene Nissedal, Skien, Tinn, Seljord, Notodden, Kviteseid og Larvik.

DMF kan ikke se at det foreslåtte vernet kan få følger for registrerte forekomster av mineralske ressurser, bergrettigheter eller masseuttak i drift innenfor disse områdene. Her har vi derfor ingen merknader.

STATSFORVALTARENS KOMMENTARER TIL DEI INNKOMNE MERKNADENE

Når det gjeld uttalen frå Landbruksdirektoratet, vil vi kommentere at området som blir foreslått verna ikkje har aktive støl/seterbusetnad innanfor tilbodsområde. Dersom det skulle vera aktuelt med beitedyr her er det teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta, jf. § 4 bokstav e, § 6 bokstav a, § 7 bokstav d og g.

Når det gjeld merknaden frå Forsvarsbygg, så vil vi kommentera at det er teke omsyn til unntak for militær operativ verksemd og omsynet til militær luftoperativ verksemd i § 6, første ledd og § 6, bokstav c.

Språkrådet bad Kartverket starte namnesak for å avklara namnet som skal brukast. 2. september 2024 låg det føre vedtak frå Kartverket der hovudnamn på støylen vart *Århus-Mælestaul* sidan det er fleire "Mælestauler". Det er berre eit juv her, og Språkrådet har vedtatt namnet *Mælestauljuvet*. Dette vert også namnet på verneområdet som Statsforvaltaren foreslår.

Noregs vassdrags og energidirektorat (NVE) bed om at statsforvaltaren held dialog med eigar av Kvennhusåi kraftverk og Tverråi kraftverk v/ Stig Høgetveit Tverråi. Statsforvaltaren vil legge dei som høyringspartar. NVE informerer om at det kan være potensial for fleire små vannkraftanlegg innafor området, og ber oss orientere grunneigar. Gjennom dette høyringsdokumentet reknar vi at opplysningane blir kjend for grunneigar i tillegg til at det er nemnt muntleg ved befaring. Vi legg også til grunn at grunneigar frivillig har tilbode område for vern som nettopp inneber at ein må avstå utbygging og skogsdrift. NVE nemnar at eit nettanlegg eigd av Vest-Telemark kraftlag grensar til tilbodsområde. Vi kan ikkje sjå at dette er rett, men registrerer at kraftlaget har fått kopi av NVE sine merknader, men ikkje uttala seg. Vi vil inkludere kraftlaget og Telemark Nett som høyringspart.

Andre utsegn blir tekne til etterretning.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med områdeskildringar, kart over verneområdet og forslag til verneforskrift blir sendt på ein felles sentral og lokal høyring. Målet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli ramma av den planlagde fredinga.

Etter høyring vil Statsforvaltaren oppsummera høyringa, kommentera eventuelle utsegner og utarbeida ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter laga innstilling til Klima- og miljødepartementet (KLD) og vedtak om freding blir gjort ved kgl. Res. av Kongen i statsråd.



Gammal og storsvokst granskog i Mælestauljuvet

Foto: Rune Nordeide

5. Verneplanens omfang

Namn	Kommune	Tal på grunneigedoma	Totalareal	Verneverdi
Mælestauljuvet	Seljord	1	1 225 daa	Regional (**)

6. Faktaark

LOKALITET:	Mælestauljuvet
KOMMUNE:	Seljord
FYLKE:	Telemark
VERNEKATEGORI:	Naturreservat
AREAL:	1 225 daa
HØGDE OVER HAVET:	284-978 m.o.h
EIGEDOMAR I TILBODSOMRÅDET:	Gnr./bnr.: 59/1



Utsyn mot Mælestauljuvet.

Foto: Rune Nordeide

Som nemnt i innleiinga er område kartlagt i tre omgangar;

1) I 2008 som ein del av systematisk kartlegging av bekkekløfter i Telemark med naturtypekartlegging etter DN handbok 13.

2) I 2016 vart det gjennomført skogbruksplanlegging med fleire nøkkelbiotopar (MiS) innafør tilbodsområdet.

3) Etter vernetilbodet kom vart området NiN kartlagt av Biofokus i september 2021. Dei fann 20 daa med den raudlista naturtypen høgstaudeskog (NT) og i alt 12 raudlista artar. I Skoganalyse fekk det ein score på 6.08.

Rapportane er skrivne på bokmål frå kartleggarane si side, og vi har ikkje endra dette til nynorsk. All tekst i dette kapitelet, utanom Områdeskiltring og det vi har lagt til, er difor på bokmål.

OMRÅDESKILDRING

Tilbudsområdet ligg ca 4 km nordaust for Seljord sentrum i Seljord kommune. Det omfattar delar av bekkekløfta med elva Kvennhusåi som ligg i sørvestsida av Mælefjell. Øvre del av bekkekløfta har eit juv men namn Mælestauljuvet. På nedsida av juvet er det anlagt eit kraftverk som er grensa ut av tilbudsområdet.

Berggrunnen i området består i hovudsak av kvartsitt med innslag av konglomerat, kvartsskifer og lausmassane av morenemateriale.

Noreg er delt inn i sju bioklimatiske seksjonar der tilbudsområde ligg i nordboreal sone og svakt oseanisk vegetasjonssesksjon O1.

VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Området omfattar bekkekløfter og tilhørende lisider. Deler av området er bratt og utilgjengelig og er derfor ikke godt kartlagt. Øst og vestvendte lisider dominerer, men det forekommer også arealer med sør- og nordvendte lisider og skrenter. Fattige vegetasjonstyper dominerer, men det forekommer også sige- og/eller skredpåvirkede partier med rikere vegetasjon som lågurt- og høgstaudeskog. I disse arealene forekommer spredte partier med den rødlistede naturtypen høgstaudegranskog med et estimert samlet areal på snaut 20 daa. Hogstmoden skog dominerer i området, men skogen er preget av historisk bruk og riktig gammel skog er det forholdsvis lite av. Små kiler med ungsog forekommer. Det finnes imidlertid noen større arealer med gammel skog. Eksempelvis finnes arealer med gammel furuskog med en god del keloelementer og brannstubber vest for Århusnuten, og nord for Halfvarslid finnes et større sammenhengende gammelt barskogsområde, med forholdsvis produktiv grandominert skog i lavereliggende områder. Vest for Halfvarslid er et areal med brannpåvirket furuskog med en del brannstubber og levende furutrær med brannlyrer. I de lavereliggende lisidene og i vannstrengen særlig i de nedre delene av vassdraget er det tett med partier med rikelige forekomster med dødt virke. De høyereliggende arealene i nordre del av tilbudt areal domineres av forholdsvis strukturfattig skog i fattig vegetasjon.

VERNEINTERESSER

Artsmangfold

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» artar omtalt. Det er artar som er sjeldne og som er gitt ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta frå *Norsk rødliste for arter 2021* til Artsdatabanken. EN = sterkt trua, VU = sårbar, og NT = nær trua, der «sårbar» er meir sjeldan enn «nær trua».

Totalt 14 rødlistede arter (3 VU, 11 NT) er påvist i området og alle er mer eller mindre knyttet til skog med en viss kontinuitet. Deriblant ble lys brannstubbelav (VU) påvist i brannpåvirket furuskog sør i området, og laksenettskinn (VU) ble påvist i bekkekløft i sørvest. Gubbeskjegg (NT), rosenkjuke (NT), og i mindre grad svartsonekjuke (NT) er vanlige i lavereliggende deler av området. Det er et videre potensial for krevende vedboende sopp, og til en viss grad krevende moser knyttet til død ved i vannstrengen. Krevende lav kan forventes i fuktige skogtyper i lavereliggende og nordvendte områder. I tillegg er det et potensial for krevende insekter knyttet til solekspontert dødt virke av furu.

Naturtypar

Etter DN-håndbok 13 er det avgrensa 2 kjerneområder der baa er C-område (lokalt viktig - lågaste klasse av i alt tre). Norsk raudliste for naturtypar 2018 er basert på kartleggingssystemet Naturtypar i Noreg (NiN). Følgjande raudlista naturtypar er funne i området: Høgstaudegranskog(NT).

Økologisk nettverk og mangelinndekning

Området oppfyll regionale manglar i skogvernet ved å romme biologisk gamal furuskog og gamal granskog som har høvevis stort og middels udekka vernebehov. Arronderinga er middels god, som følge av at delar av lisodegradienten mot Kvennhusåi vert brutt vest for Halfvarslid.

Mælestauljuvet vil være eit tilskot til vernearbeidet i Telemark. Avstanden til verneområda langs Seljordsvatnet er ikkje særleg stor, og det nye området vil inngå i eit viktig nettverk av verneområde i denne “hotspot”-regionen. Samla vurderer Statsforvaltaren at området strekk seg mot regional verneverdi. Området dekkjer manglar i høve til mangelanalysen for skogvernarbeidet i Norge (Framstad mfl. 2017). Området oppfyller regionale manglar i skogvernet ved at ein bekkekløft vert verna.



Utsyn frå Mælestaul mot Kvennhusåi i retning Steinfjellet.

Foto: Rune Nordeide

FØREMÅL

Verneforslaget husar verdiar i form av bratte lisidar rundt ein markant bekkekløft med skrentar og bratte lisider. Det finst også karrig brannpåvirka furuskog og høgstaudegranskog med mykje død ved. Målsettinga er å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand.

ANDRE INTERESSER

- Den gamle stølsvegen frå garden Tvingelid og Århus-Mælestaul er merka på vernekartet. Den er ikkje nytta til motorisert ferdsel. Der stølsvegen kryssar Kvennhusåi ligg det murar etter ei sag. Ovafor stølen går det ein enkel sti som vart nytta til ei nedlagt seter som låg lenger opp. Her finst det murar av hus som må reknast som kulturminne.

TEKNISKE INNGREP

- Der går ei høgspenteledning vest for tilbodsområde som akkurat ikkje er tilgrensande.
- Tilbodsområdet grensar til festeeigedomane 59/1/1 og 60/1/2. Her finst Kvennhusåi kraftverk. Kraftanlegget ligg utanfor verneområdet.

PLANSTATUS

Verneforslaget ligg fullt ut innanfor område avsett til LNFR (natur- og friluftsområdet i landbruksområde).

MERKNADER

Spesielt nordre del av området vart tidlegare beita av storfe og geit. På vernetidspunktet er det ikkje husdyr som beiter i verneområdet.

FORVALTNINGSMYNDDE

Forvaltningsstyresmakta blir fastsett gjennom verneforskrifta ved vernevedtak.

Forvaltningsstyresmakta er i dei fleste verneområder lagt til Statsforvaltaren, men dersom kommunen ønsker delegert forvaltningsmynde for verneområder i sin kommune kan de få det. Det stillast visse krav til slik delegering:

- Verneområdet ligg i sin heilhet innanfor kommunen sine grenser.
- Kommunen har tilstrekkelig kapasitet og kompetanse til å forvalte området.
- Dersom kommuner som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmynde for verneområder ønskjer å overta forvaltningsmynde må dei takke ja til alle verneområde i kommunen. Kommunen får ikkje forvaltningsmynde for Ramsarområder eller områder som forvaltast av nasjonalpark-/verneområdestyrer.
- Ansvar for forvaltningsmynde innebærer at kommunen sjølv må avsette nødvendige ressursar til administrasjon og sakshandsaming.
- Kommunen kan søkje om økonomiske midlar til skjøtsel og andre forvaltningstiltak for å ta vare på naturverdiane i verneområda, innanfor dei rammer som kvart år blir fastsett av Stortinget.

Dersom kommunen ønskjer forvaltningsmynde for foreslått naturreservat og andre aktuelle verneområder i eigen kommune, ber vi difor om tilbakemelding på dette innan høyringsfristen. Får vi ikkje tilbakemelding, legg vi til grunn at kommunen ikkje ønskjer å overta forvaltninga av områda.

SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR

Tabellen under viser skogdata for tilbodsområdet.

Namn	Total-areal	Produktivt areal i daa				Anna areal i daa				Tilvekst	Volum
	daa	H (20-23)	M (14-17)	L (6-11)	Sum	Myr	Annet	Vatn	Imp.	m ³	m ³
Mælestauljuvet	1229	34	726	353	1113	41	65	2	8	0,3	

Skogdataene er levert av AT skog.

LITTERATUR

Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no/>

Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Mælestuljuvet, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2021.

Edvardsen E. 2004. Viktige naturtyper i Seljord kommune

Gammelmo, Ø & Reiso, S. Bekkekløfter 2008. NaRIN faktaark. BioFokus.

Halvorsen, R. 1999. Viktige botaniske lokaliteter i Telemark. Fylkesmannen i Telemark. Fagrapport 7/1999

Naturbase: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/naturbase>

7. Forslag til verneforskrift

Kommentarar til forskrifta

Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement har tidlegare vore om lag 30 deltakarar. I samsvar med den nye malen for forskrifter frå Miljødirektoratet er det ikkje gitt nokon eksakt definisjon på kva som blir rekna som større arrangement. Både type arrangement og tal deltakarar kan ha betydning. Som utgangspunkt vil idrettsarrangement og konsertar – eller liknande - bli omfatta. Føresegna er ikkje meint å regulere ordinær turverksemd i grupper, og felles turar og felles treningar med vidare blir dermed ikkje omfatta av forbodet. Utsetting av turposter og liknande blir heller ikkje rekna som arrangement, men kan rammes av forbodet mot midlertidige innretningar.

Forskriftsmalen har i § 7 ein særskilt føresegn om dispensasjon som opnar for å gi løyve til aktivitetar nemnd i denne. Ut frå verneformålet for det enkelte området kan det vurderast konkrete unntak eller tilpassingar til disse føresegnene, for eksempel særskilt unntak for turorienterings- eller kjentmannspostar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om dispensasjon, og da kan forvaltningsstyremakta vurdere dette i samsvar med til § 7 bokstav g.

Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar

Vedlikehald som rydding av kvist og fjerning av greiner og nedfall i stiar og vegar kan gjerast utan søknad. Vindfall som måtte bli liggjande over stiar kan kappes og leggst til side, normalt vil dette kunne gjerast av grunneigar eller oppsyn. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 bokstav b til rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stiar ein *ikkje har kjent til* ved vernet.

Motorferdsel.

Motorferdsel er forbode etter § 5 bokstav a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7. I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

Bruk av sykkel, hest og riding.

Friluftsløven opnar for sykling, riding og anna bruk av hest på vegar og stiar i utmarka. I høyringsforslaget vil vi følgje friluftsløvens føresegn. Jf. føresegnet i § 5 bokstav b.

Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat. Ein må då nytte tørrkvist eller ved ein har med seg, ein kan ikkje felle eller hogge opp daude tre.

Forslag til verneforskrift

Forskrift om vern av Mælestauljuvet naturreservat, Seljord kommune, Telemark

Fastsett ved kongeleg resolusjon [dato] med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, § 37 og § 62 . Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 *Føremål*

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som

- a. inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur med ein mosaikk av fuktig storvokst høgstaudegranskog, tørkeutsett og brannpåverka furuskog samt sjeldne og trua artar av fleire organismegrupper
- b. representerer ein bestemt type natur i form av ei bekkekløft med bratte lisider og stup

Det er eit mål å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 *Geografisk avgrensing*

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr i Seljord kommune: 59/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 1225 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av vedlagte vernekart datert Klima- og miljødepartementet [dato]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

§ 3 *Vernereglar*

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller deler av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrning. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller midlertidige innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, avløpsleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utslepp av kloakk eller anna form for forureining, eller bruk av kalk, gjødsel eller kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling og deponering av avfall er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Brenning av bål er forbode. Forbodet gjeld ikkje bålrensing med tørrkvist frå bakken eller medteken ved eller på tilrettelagte bålplassar, i samsvar med gjeldande lovverk.

§ 4 *Generelle unntak frå vernereglane*

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. vedlikehald av stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet

- e. beiting
- f. utsetjing av saltstein
- g. oppsetjing av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- h. forsiktig rydding av småbuskar og kvist i siktelinjer ved faste jaktpostar i samband med storviltjakt

§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande stiar

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsmyndigheita. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøyet skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget og med traktor og ATV på traktorveg avmerkt på vernekartet
- c. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. oppsetjing og vedlikehald av gjerder
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 bokstav d
- f. øvingskøyring for føremål nemnt i § 6 første ledd
- g. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d, e, f, g og § 7 bokstav a, b og d.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmyndigheita kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsmyndigheita, eller den forvaltningsmyndigheita bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

[Namn] er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.